

Artikkel i medlebladet Kysten Nr 4 2022

Forbundet Kysten.

Tekst: Sverre Sangolt

Hausten

Naustforeininga Nytt i Naust

Gamle naust, små og store, har krav på respekt og eit lovverk som støttar ny bruk med fokus på historiske og grønne verdiar. Foreininga Nytt i naust har prøvd å påverka myndighetene med innspel til ymse planar – utan at dette har vist effekt. Skal tradisjon og historie overførast til ungdommen som skal arva landet, må ein evna å sjå naust i ny bruk.

Bestefar og bestemor starta bureising sør på Sotra i 1913. Dei møttest på folkehøgskulen på Klepp på Jæren. Dei gifta seg og bygde seg hus og løe bak ein knaus i livd for nordavinden. Der var ein kort sti ned til Kvalvågen bak huset. Her hadde han færing og naust. Dei dyrka havre, hadde nokre kyr og sauer. Jordbruket gav mat, sjøen gav pengar. Her fostra dei opp åtte gutar og tre jenter. To av dei fekk si grav i Nordsjøen i krigsåret 1941.

Som treåring drog han meg opp av sjøen, og som seksåring var eg med å sigla færing på Raunefjorden, sauene skulle på sommarbeite på holmane. I 1976 var han med på Norge Rundt og fortalde om den tusenårige unike kvalfangsten som han var ein del av og som slutta rundt 1940. Eg vaks opp i same huset og åt dagleg middag med han i 20 år. Slik fekk eg inn kystkulturen, men oppdaga det fyrst mange år etter at han var død.

Historisk bruk

På store deler av Vestlandet vert ordet naust brukt som samlebegrep om bygningar som i hovudsak vart brukt i samband med fiskeria. Storparten av «nausta» me ser i dag er bygd mellom 1880 og 1960. Ord som bu, saltebu, hengje og galge, båtaskur og slipp var dei mest vanlege. Men der er også mange andre bygningar i strandsona som bolighus, gjestgjevarstader med skjenkestover, sagbruk, båtbyggeri, verven, møller, meieri, butikkar og handelsbuer, motorverkstader og fabrikkar av ymse slag. På desse stadane vart det eit

yrande liv i strandsona året rundt, og det meste av aktiviten var knytta mot verdiskapninga i kystnasjonen Noreg. I dag vert dette omtala som kulturmiljø.

Svært få var lønnsmottakarar og inntektene kom med varierende sesongfiske i fjordar og på havet. I nausta var der båtar og eit uttal variantar av utstyr for fiskeriaktivitet. Foredling av fisken føregjekk også her. Sesongane var mange og fiskeria var utallige. Viktigast for nasjonen var sild og torsk, men nisjer kunne vera ål, håbrand eller lyrefiske om våren. På Doggerbank for dei med seglkutter på makrelldorging, og med små seilskøyter på det farefulle islandsfiske rundt 1900.

Naustmiljø forsvinn

Ein bygning utan tett tak, eller hol i kledningen, står ikkje mange år før han knekk saman. Det meste av dei gamle og små nausta frå før 1850 er borte. Det fuktige og værharde klimaet her på Vestlandet braut dei ned. No er det delar av notidas naustmiljø som står i fare for å forsvinna.

Dei store endringane i fiskeriaktiviteten kom i løpet av ein ti-årsperiode rundt 1965. Båtane vart større og aktiviteten i strandsona stoppa opp, bilen overtok mykje av transporten. Sentrumsfunksjonane som hadde vore konsentrert ved dampskipskaien vart flytta innover land, helst til næraste vegkryss der nye sentrum vaks fram. Gradvis stilna det i vikar og vågar. Når bygningar og maskiner ikkje er i bruk, startar forfallet straks. Gjengroinga av landskapet starta også på denne tida. Med skog og buska tett opptil naustveggar vert det fugt og skugge som vart ei ekstra belastning.

Forbundet KYSTEN har bidratt til fokus på kyskulturen, men på Sotra er det fyrst og fremst Johannes Kleppevik som skal ha den største æra. Mange såg verdien i naust og gamle båtar etter å ha høyrte songane hans. Alt tidleg på 1980-talet såg ein at dei gamle grindanausta ramla ned. Då Hope Trebåtlag vart starta på midten av 1990-talet, vart det meir fokus på båtar og naust. Både heime og på turar langs kysten såg ein at forfallet var aukande og mange naust stod for fall.

Utover 2000-talet kom eg ofte i kontakt med folk som ville ta dei gamle nausta i ny bruk. Dette var folk som var opptatt av historie, tradisjonar og som såg verdien i desse gamle bygningane, båtane og reiskapane som familien hadde livnært seg av i generasjonar. Dei

fortalde at møte med byråkratiet i kommunane kunne vera svært krevjande og mange fekk ofte negative svar på søknader om ny bruk og andre endringar.

Sommaren 2008 drog eg på fleire båtturar og fotograferte alle nausta i dåverande Sund kommune sør på Sotra. Det viste seg å vera 494. Storparten av nausta var bygd for fiskerinæringa. Det vart laga eit grundig notat om nausta og tilstanden til dei.

Lite skjer

Sjølv om kommuneplanen hadde mange god intensjonar, skjedde det lite i praksis. Formuleringane var mellom anna: «Kommunen kan gje løyve til bruksendring for sjøhus ut frå ei vurdering av at ny bruk vil vera avgjerande for å ta vare på eit verdfullt bygningsmiljø». «Tradisjonelle naustmiljø som er sett opp i samband med stadbunden næring, landbruk og fiske, vil verta prioritert i forhold til vidareutvikling av naustmiljø.»

Sjølv med slikt fokus var der lite endringar i praktisk politikk. Ole Bakkebø hjå Fylkesmannen i Hordaland skaffa midlar til eit pilotprosjekt der nausteigarane, Fylkesmannen, Fylkeskonservatoren og kommunane Bømlo, Radøy, Austevoll og Sund var deltakarar. Prosjektet fekk navnet «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Der vart lyst ut i aviser at nausteigarar i dei aktuelle kommunane kunne få delta i prosjektet med søknad om ny næring i naust. Der meldte seg deltakarar frå alle kommunar og fleire av dei fekk godkjent prosjekta sine, men ikkje utan motstand frå administrasjonane. Prosjektet vart avslutta med ein veiledar og eit stort møte på Bryggen museum i Bergen. Har var alle som handsama slike saker frå alle kommunar i Hordaland invitert. Planen vart at ei skulle få lik handsaming av søknader i heile fylke. Slik gjekk det diverre ikkje.

Det vart i ein tidleg fase klart at i denne saka ville ikkje resultata koma raskt. Difor vart ein del personar samde om at ein måtte starta eit lag som kunne føra arbeidet frå prosjektet vidare. I mars 2014 møtte ti personar på Tollboden i Bergen og «Naustforeininga Nytt i Naust» vart skipa. Foreininga har som visjon å medverke til sikring av særpreget, kulturmiljøet og kulturminna i strandsona. Dette skal skje gjennom å ta bygningane i bruk til næringsverksemd og ny aktivitet for å skape motivasjon og drivkraft for bevaring og bærekraft. Formål er at foreininga skal være eit nettverk for eigarar av bygningar i og nær strandsona, og fremje saker overfor myndigheiter og andre interessentar på vegne av medlemmane. Foreininga har no rundt 70 medlemmer. Her har dei ein felles møteplass der

erfaringa med søknadsprosessar og oppgradering av bygg vert diskutert. Medlemmer har oppgradert store buer til selskapslokaler, andre har heva standaren i kulturmiljøet og framstår som visuelle høgdepunkt. Det finnest også arkitektdesigna skrivestover der profilerte forfattarar arbeider i inspirerande kulturmiljø. Nokre er innreda til rorbuer med høg standar for komfortbevisste turistar. Her er oppgraderingar med skifertak og al-kledning, og mange er klar for ny bruk i mange tiår framover berre fordi dei har fått merksemd og lettare oppgradering.

Utfordringane er dei tusenvis av bygningane som framleis står i strandsona på vår langstrakte kyst. Staten har endra statusen for dei fleste bygga til «fritids- og lagerbygg» sjølv om dei aller fleste var næringsbygg knytt mot fiskeri eller anna næringsaktivitet. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har slått fast i ein rapport frå 2019 at det er store tap og forfall av slike bygningar. Hovudgrunnen til forfallet er at eigarane ikkje får løyve til å endra bygningane til ny bruk. Dette trass i at Riksantikvaren meiner at «vern gjennom bruk» er det som må til for å hindre forfall i bygningsmassen. Det er også dokumentert at gjenbruk av eldre bygg sparar miljøet for utslepp av klimagassar.

Sidan 2014 har foreininga Nytt i naust prøvd å påverka myndighetene med innspel til ymse planar – utan at dette har vist effekt. I dag styrer Plan- og bygningslova kva som er lov å utføra av praktiske endringar i strandsona. Byggjeteknisk forskrift (Tek17), som er forskrifta til Plan- og bygningslova, gjev lite rom for endringar i eldre bygg. Dersom det ikkje vert utvist svært stort skjøn, vert bygga sin eigenart øydelagt.

Hovudregelen er at alle endringar i strandsona skal vera avklart i arealplanen i kommunen, eller innafor vedtekne reguleringsplanar. Utviklinga i strandsona skal ikkje skje ved hjelp av dispensasjonar. Statsforvaltaren og kommunane forlanger ofte utarbeida reguleringsplanar. Dette gjeld også enkle tiltak og bruksendring av enkle frittliggande naust. Slike planar kan fort kosta over 300 000 kroner, og favoriserer folk med mykje kapital.

Plan og bygningsloven § 1-8 seier mellom anna at ein skal ta «særleg hensyn til kulturmiljøet». Naustforeininga Nytt i Naust si erfaring gjennom mange år er at dette ikkje vert tillagt vekt når ein vil oppgradera naust. Skal tradisjon og historie overførast til ungdommen som skal arva landet, må ein evna å sjå naust i ny bruk. Dette ville vera å omsetje begrepet «kulturmiljø» i praksis.

Sommaren 2021 kom det nye retningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. I ein pressemelding vektla regjeringa berekraft for blå og grønne næringar, næringsutvikling og busetting langs kysten, men også tiltak i strandsona knytt mot turistnæringa. Ein måned seinare kom Statsforvaltaren i Vestland med si pressemelding. Den såg vekk frå kva regjeringa meinte, dei vektla at det omtrent ikkje var endringar i den nye planen og at ein skal unngå dispensasjonar. Mange huska fjernsynsserien «Javel, Herr Statsråd».